

TOPP NASJONALE OG LOKALE FORELESARKREFTER PÅ FAGSEMINAR I FLORØ 8. APRIL !



Jorunn Sundgot-Borgen



Bjørge Stensbøl



Jørund Årdal



Ole Morten Mardal

DATO: Fredag 8. april

STAD: Quality Hotel, Florø

TID: kl. 17.00 – 20.30

Seminaret er gratis (kr. 500,- for middag)

Målgruppe: Idrett, næringsliv og skule

(meir om programmet og seminaret på neste side)

Påmelding innan **30. mars** via denne [linken](#).

For spørsmål om seminaret kontakt:

Sogn og Fjordane idrettskrins

e-post ingrid.narum@idrettsforbundet.no

tlf. 91 80 06 11 / 57 76 12 10

NORGES
IDRETTSFORBUND
Sogn og Fjordane idrettskrins



Program:

- kl. 17.00: «Kroppspress, helse og prestasjon»
v/ **Jorunn Sundgot-Borgen**
- Kl. 18.00: «Kva ligg i botn for stadig å få fram utøvarar som presterer på høgt nivå?
Kva er vi gode på og kva trur vi andre kan lære av oss?»
v/ **Jørund Årdal og Ole Morten Mardal, Gloppen Friidrettslag**
- Kl. 19.10 «Alt handler om kultur og ledelse for å bygge prestasjonskultur»
v/ **Bjørge Stensbøl**
- Kl. 20.30 Felles middag og hyggeleg samvær

Les meir om forelesarane på neste side.

Om seminaret:

Prestasjonskultur er eit sentralt stikkord for tema på seminaret.

Kva må til for å bygge kultur for å skape og gjenskape prestasjonar på høgt nivå i idretten?

Vi set fokus på leiing, samhandling, kvalitet og kontinuitet.

Tidlegare toppidrettssjef Bjørge Stensbøl «bygde opp» Olympiatoppen på 90-talet og var sterkt delaktig å utvikle den norske toppidrettskulturen,

Vi trur han er den beste vi kan få på tema med å bygge prestasjonskultur.

Gloppen Friidrettslag med Jørund Årdal og Ole Morten Mardal tek deltakarane med på ein presentasjon av kva som må til for å ha best mulege utviklingsmulegheiter for utøvarar i deira lokalmiljø.

Jorunn Sundgot-Borgen, professor ved NIH, set fokus på spenningsfeltet mellom prestasjon, kroppspress og helse.

«**GODE I HOP**» - å gjere kvarandre gode, hente læring og erfaring på tvers og tilføre etterspurt fellesidrettsleg kunnskap, er viktige føresetnader for vekst og utvikling for idrettsaktiviteten i fylket.

«**Ingen blir best åleine – alle blir betre saman**».

Om forelesarane:



BJØRGE STENSBØL

Toppidrettssjef Olympiatoppen 1991-2004. I Stensbøls tid som toppidrettssjef blei Noreg ei stormakt i internasjonal toppidrett. President Skiskytterforbundet 1985-1989.

Har m.a. gitt ut bøkene *Den gode prestasjonskulturen* og *Norske vinnereskaller*.

Er i dag konsulent og driv organisasjons- og leiarutvikling i næringslivet og er ein etterspurt foredragshaldar.



JORUNN SUNDGOT-BORGEN

Professor i fysisk aktivitet og helse ved Seksjon for idrettsmedisinske fag, NIH. Fagområde: kvinnehelse, vektregulering, spiseforstyrrelser, unge utøvarar, toppidrett.

Har vore tilknytt Olympiatoppen gjennom 25 år, der ho har rettleia på vektregulering og spiseforstyrrelser i idretten, og ein sterk bidragsytar til at Sunn Jenteidrett blei etablert.

Ein pioner innanfor forskning på spiseforstyrrelser i idretten, og har klart å kombinere det å vere leiande fagekspert og samtidig ein av landets mest siterte forskarar på ei rekkje område.

Tidlegare aktiv turnar.



JØRUND ÅRDAL

Mangeårig trenar i Gloppen FIL, mannen bak alle dei gode kastarane frå klubben. Allsidig trenarbakgrunn i handball, vektløfting og friidrett, og no først og fremst i kastøvingar i friidrett og i vektløfting.

Fast trenar på juniorlandslaget sidan 2000.

Habil kastar og vektløftar på 70-talet.




OLE MORTEN MARDAL

Trenar i Gloppen FIL sidan 1995. Allsidig trenar i friidrett og god basistrenar for unge utøvarar i friidrett. Har høg kompetanse i kastøvingar og tilknytt rekrutteringslandslaget i kast.

Faglærer idrett NIH med fordjuping i friidrett.

Mangeårig aktiv friidrettsutøvar i lengde og sprint på godt nasjonalt nivå, krinsrekorden i lengde.



NORGES
IDRETTSFORBUND
Sogn og Fjordane idrettskrets

